



Harald Sætre er ein stor entusiast


Stord 1 er unik i landet, seier Stord 1-veteran Harald Sætre.

Det er fordi han er einaste shelterdekk-fjordbåten i landet. Shelterdekk er eit overbygd dekk.



Kvartett frå Uskedalen til sjøs: Endre Neset, Kristian Olav Bringedal, Harald Sætre og Torfinn Myklebust.

Dampskipet 'Stord 1' er delvis restaurert etter den nye 'Jomfruturen' og brannen med nesten totalskade i 1987. No vert båten brukt på enkelte tilskipingar med serveringar rundt om i distriktet. Passasjertrafikk ventar Veteranskipslaget Fjordabåten til etter restaureringsarbeidet er heilt ferdig. Sjølv fekk vi vera med frå matfestivalen i Rosendal til Våge og Tysnesfest i helga.



Toppfarten på veteranbåten er 11 knop

Det vart ein opplevingsrik tur i bra ver - med den utflytta uskedelingen Harald Sætre som omvisar og forteljar. Det var ein fin tur over Hardangerfjorden, gjennom Luksund og på Bjørnefjorden til Våge og dei mange hundre plastbåtane på hamna der.

Bygd i 1913

'Stord 1' er bygt ved 'Laxevaags Maskin & Patentslip, Bergen. Jernskibsbyggeri' i 1913 som det står på eit skilt - altså nesten hundre år. Sætre vonar at båten er ferdig restaurert til hundreårsjubileumet.

Båten gjekk i rute mellom Bergen, Sunnhordland, Hardanger og Stavanger for Hardanger Sunnhordlandske Dampskipsselskap (HSD), som båten også ber skorsteinsmerke til no. Uskedal og Myklebust kaiar var ikkje faststoppestadar. Båten vart laga med dampmotor, men fekk i 1949 dieselmaskin, så då var arbeidet gjort for kolalempereane.

I 1969 vart båten losjiskip i Oslo for Blå Kors med namnet 'O. T. Moe'. Men etter nye 12 år overtok Norsk Veteranskipsklub - Veteranskipslaget Fjordabåten - i 1981 båten. Mykje omfattande restaureringsarbeid venta dei ivrige eldsjelene bak laget. 'Ny'dieseldriven maskin vart henta frå England og sett inn i båten. Men så skjedde den fatale brannen med totalskade i maskinrommet i 1987. I dag kan vi endå sjå korleis brannvarmen har bukta enkelte jarnplater i båten. Først etter ny runde med restaurering kunne båten gå med eigen maskin i 2005. Det står att mykje arbeid endå.

Data


Tekniske data for båten er at han er 144,5 fot lang, 23,8 fot breid og er 9,1 fot djupgåande. Toppfarten er 11 knop. På turen vi uskedalingane var med på, gjekk båten med åtte knopp - det er økonomifart, vart det sagt. Tonnasjen er 376 bruttoregister tonn.

Rektor ved lærarskulen på Stord, Jostein Osnes, var førsteleiaren i veteranskipslaget. Etter eit par år overtok Harald Sætre leiarvervet i seks år. Han er framleis eldsjel og ein av det frivillige mannskapet det er fleire av. Til styret er han no varamedlem. Investerings- og driftsmidlar kjem frå det offentlege, private og det private næringslivet. Men det trengst meir, seier den ivrige styreleiaren med von om å få napp fleire stader.

I august kjem det bok frå Harald Sætre - 'Damp, diesel og pågangsmot' - om båten og arbeidet.

Kjelder: Harald Sætre, Wikipedia.

Påtrappande reservemannskap med foto av Kristian Olav Bringedal og tekst av Torfinn Myklebust.



Dieseldreven dampmaskin, trippel med skottekjel. Det var her brannen starta 20. mai 1987.